



Saksprotokoll

Organ: Fylkesutvalet

Møtedato: 30.01.2013

Sak nr.: 11/492-6

Internt l.nr. 3950/13

Sak: 4/13

Tittel: Endringar i yrkestransportlova og tilhøyrande forskrifter, fråsegn

Behandling:

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

1. Fylkesutvalet i Sogn og Fjordane har ikkje merknader til dei føreslegne endringane i yrkestransportlova pkt. 1-3, 6 og 7. Dette er ei tilpassing av norsk lovgiving til EU-retten.
2. Pkt. 4 i framlegget går direkte inn i arbeidsporføljen til fylkeskommunen. Fylkeskommunen har i dag løyvemynde både for behovsprøvde løyve (drosjer) og ikkje-behovsprøvde løyve (transportløyve, godsløyve). Samferdsledepartementet argumenterer med likehandsaming av løyvesøknader. Slike søknader vert i dag handsama av fylkeskommunane etter yrkestransportlova. Likehandsaming av søknader vert tekne i vare gjennom den fylkeskommunale handsaminga av ikkje behovsprøvde løyve. Fylkesutvalet vil ikkje akseptere at handsaminga av ikkje-behovsprøvde løyve vert flytta frå fylkeskommunen til staten.
3. Fylkesutvalet i Sogn og Fjordane har ikkje merknader til at ansvaret for å utferde løyve til internasjonal vegtransport vert flytt frå Samferdsledepartementet til Statens vegvesen.